13

Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 21 - 1995

Oslo 1995

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad:
Avdeling for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 21 – 1995

Redaksjonen er avslutta 15. mai 1995

Adresser:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Tidsskriftet «Namn og Nemne», Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 21 24 22.

Meldingsbladet «Nytt om namn», Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Norsk namnelag har bankgiro **8401.21.34427** og postgiro **0804 4215307** (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er 130 kroner for året.

INNHALD

Brev til departementet frå samarbeidsnemnda 4
Styremøte i Norsk namnelag 6
Framlegg om lovbrigde i Norsk namnelag. Uravrøysting 7
Den XIX. internasjonale namnegranskarkongressen 8
Styremøte i ICOS 8
Fellesmøte for sekretærane i namnekonsulenttenesta 8
Innhaldsrik bok om 'övriga namn' 9
Stedsnavninnsamling i Kvinesdal 11
Kva heiter kartbladet? 12
Diplom for godt navnevett 15
Kupp og cup 15
Klagenemnda for stadnamnsaker 16
Doktordisputas i namnegransking 22
Doktorgradsprosjekter i navnegransking 23
Studentarbeid om norrøne namn i Skottland 26
Medlemmer i Norsk namnelag 30

BREV TIL DEPARTEMENTET FRÅ SAMARBEIDSNEMNDA

Samarbeidsnemnda for namnegransking hadde møte i Oslo 17. november 1994. Hovudpunktet på møtet var forskriftene til stadnamnlova og arbeidstilhøva for namnekonsulenttenestene. Samarbeidsnemnda vedtok å senda desse breva til Kulturdepartementet, underskrivne av formannen i nemnda, Eyvind Fjeld Halvorsen:

1. Vedtak om skrivemåten av stedsnavn som går mot rettskrivingsprinsippene

Formålet med Lov om stadnamn var å gi det offentlige lovhjemmel for å fastsette skrivemåten av stedsnavn etter visse regler. Loven gir de enkelte offentlige etatene rett til å gjøre vedtak om skrivemåten, etter lokal høring og tilråding fra navnekonsulentene.

Reglene i loven og de tilhørende forskriftene gir på en rekke punkt klare instrukser om hvilken skrivemåte et navn skal ha. I andre tilfeller gir regelverket grunnlag for ulike tolkninger. Hovedregelen er at stedsnavn skal skrives på grunnlag av den nedarvede lokale uttalen, og i samsvar med rettskrivingsprinsippene. Men det er enkelte unntak fra hovedregelen. Således heter det i § 4 siste punkt: «Når særlege grunnar taler for det, kan skrivemåten av stadnamn avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp.» Jf. også § 11. I forskriftene (§ 2-1, 2-3) er det pekt på forhold der dialektale og skriftbaserte skrivemåter kan benyttes.

At det har vært nødvendig å få med visse unntaksregler, er Samarbeidsnemnda for namnegransking på det rene med. Nemnda er også klar over at fagfolk som har vært koplet inn i forarbeidet til lov og forskrifter, har sett behovet for dette. Spørsmålet er bare i hvilken grad slike avvik bør tillates.

I den tiden loven har fungert, har det vært gjort en rekke navnevedtak i Statens kartverk og i andre offentlige etater som er i strid med tilrådingene fra navnekonsulentene. Vedtaksorganene mener å ha funnet grunnlag for vedtakene sine i unntaksformuleringene i regelverket. Eksempel på dette er *e*-endelse i sterke hunkjønnsord i Hallingdal, f.eks. *Lie, Åe,* mens hovedregelen krever *a*-endelse (tidligere *i*-endelse), og i skrivemåten av enkeltnavn som *Høifødt* og *Semb* i Vestfold, der konsulentene har tilrådd *Høyføt* og *Sem* i samsvar med rettskrivingsprinsippene og historisk opphav.

Samarbeidsnemnda ser med uro på denne tendensen til i ly av unntaksreglene å gjøre navnevedtak som etter et faglig syn bryter med rettskrivingsprinsippene. Riktig nok dreier det seg om skrivemåter som har støtte lokalt, men nettopp derfor er det vanskelig å få en instans med klagerett

til å legge saken fram for klagenemnda for stedsnavnsaker. Samarbeidsnemnda har tidligere oppfordret Kulturdepartementet om at en faglig instans bør få klagerett, men dette har departementet så langt ikke kunnet gå inn for.

Dersom det ikke blir reagert mot den utglidingen som en ser tendenser til i enkelte vedtaksorgan, er Samarbeidsnemnda redd for en uthuling av de prinsippene som i snart hundre år har ligget til grunn for norsk stedsnavnnormering, og som etter vårt syn er videreført i stedsnavnloven. På lengre sikt kan det føre til at skrivemåten av omdiskuterte stedsnavn blir «fristilt», og at vedtaksorganet kan rette seg etter opinionen.

Prinsipielt mener Samarbeidsnemnda fortsatt at en sentral faglig instans bør ha klagerett, og ser at departementet vurderer dette ønsket videre. I første omgang vil vi be departementet vurdere om «særlege grunnar» kan gi grunnlag for vedtak av den typen som er nevnt ovenfor.

2. Arbeidssituasjonen for navnekonsulentene

Kulturdepartementet er kjent med at det har vært et økende arbeidspress for navnekonsulenttjenestene. Både antall saker og arbeidsmengden i mange enkeltsaker har økt. Konsulenttjenestene får stadig flere innspill og problem til vurdering i tillegg til de mer ordinære sakene. Mange saker er i ferd med å hope seg opp, noe som har gjort at Kartverket må gi ut kart uten at navnene har vært vurdert etter loven. For konsulentsekretæren i Oslo kommer i tillegg at han er sekretær for klagenemnda for stedsnavnsaker.

Samarbeidsnemnda vil sterkt oppfordre departementet om å ta opp arbeidssituasjonen for konsulenttjenestene med tanke på å stille større ressurser til disposisjon, helst slik at de halve stillingene i Tromsø, Trondheim og Bergen blir utvidet til hele stillinger, og at det blir en hel stilling for konsulenttjenesten i Oslo i tillegg til den halve for klagenemnda.

Dette bør kunne tas opp når hele regelverket for stedsnavn medregnet konsulenttjenesten om kort tid blir tatt opp til evaluering.

3. Definisjon av stedsnavn — uttalelse vedtatt på møte i Samarbeidsnemnda for namnegransking 17. november 1994

Samarbeidsnemnda for namnegransking, samlet til møte i Oslo 17.11.1994, har kommet med følgende uttalelse:

> Samarbeidsnemnda for namnegransking, samla til møte i Oslo 17.11. 1994, har drøfta synspunkt som blir sette fram i brev frå Kulturdepar-

tementet av 4.1.1994 til Aud-Kirsti Pedersen og i brev av 6.12.1993 og av 27.5.1994 til Troms og Finnmark mållag og til Luftfartsverket.

Samarbeidsnemnda ønskjer å peike på at dei synspunkta som Kulturdepartementet set fram i desse breva om kva ledd som utgjer eit stadnamn, ikkje kan underbyggjast på fagleg grunnlag. Dei språklege modifikasjonane i samband med kva eit stadnamn er, reiser ei rekkje spørsmål som gjer det vanskeleg å handheve lov om stadnamn. Om departementet vil presisere verkeområdet til lov om stadnamn, bør det heller peike på kva type namneobjekt som ikkje kjem inn under lova.

4. Vern av stedsnavn

I senere tid har det kommet opp en rekke tilfeller der et eldre, nedarvet stedsnavn er blitt tatt i bruk på et område der det tradisjonelt ikke hører hjemme. Selv om det til alle tider har foregått en viss endring i navnebruken, f.eks. ved at naturnavn er blitt gårdsnavn, synes mange nå å være mer bevisst enn før når det gjelder å holde oppe den tradisjonelle navnebruken. Vi vil her nevne at Sverige i flere år har arbeidet med vern av stedsnavn, bl.a. med tanke på et lovforslag.

Samarbeidsnemnda for namnegransking vil oppfordre departementet om å ta dette spørsmålet opp når Lov om stadnamn nå etter hvert skal evalueres.

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag hadde møte på Avdeling for namnegransking 9. mai 1995. Viktigaste saka var utviding av redaksjonen for *Namn og Nemne*. På grunn av den store arbeidsmengda i tidsskriftet har dei sitjande redaktørane bede om at redaksjonen vert utvida med ein person. Frå før sit Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes. Styret gjorde vedtak om å konstituera *Gunnstein Akselberg*, Bergen, som ny redaksjonsmedlem fram til neste landsmøte i Norsk namnelag. Etter lovene er det landsmøtet som godkjenner tilsetjinga. Kjell Erik Steinbru held fram som sekretær for redaksjonen.

FRAMLEGG OM LOVBRIGDE I NORSK NAMNELAG
URAVRØYSTING

På styremøtet 17. november 1994 gjekk styret inn for å halda neste landsmøte hausten 1996 i staden for hausten 1995. Dette heng saman med at Avdeling for namnegransking ikkje skal skipa til den neste nasjonale konferansen i namnegransking før i november 1996, og landsmøta vert normalt haldne i samband med desse konferansane. Dermed vert funksjonstida for styre og nemnder tre år i denne perioden, noko som og var tilfellet med førre periode, og ikkje to år slik lovene føreskriv. Styret meiner elles at ein treårsperiode gjev større kontinuitet i lagsdrifta.

I nr. 20 av *Nytt om namn* vart denne utsetjinga kunngjord, og ingen av medlemmene har gått mot dette. På neste landsmøte vil styret gjera framlegg om at § 3, pkt. 3 om når landsmøtet skal haldast, vert endra. Styret føreslår at ordlyden «Landsmøtet skal haldast *annakvart* år eller når styret eller minst 50 lagslemer ynskjer det» vert endra til «Landsmøtet skal haldast *tredjekvart* år eller når styret eller minst 50 lagslemer ynskjer det». Vidare gjer styret framlegg om at § 6, pkt. 1 om at skriftstyrar/skriftstyre med redaksjonelt ansvar «vert valde for 2 år om gongen» vert endra til «vert valde for 3 år om gongen». (Lovene finn ein i nr. 1 av *Nytt om namn*.)

Etter § 7 skal styret senda framlegg til lovbrigde ut til uravrøysting mellom medlemmene. Det vert med dette gjort, og styret ber om at medlemmene kryssar av for synet sitt på framlegget til lovbrigde og sender slippen med namn og adresse til Norsk namnelag, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo, innan 1. juli.

Klipp (eller kopier) ----------

Eg er samd i framlegget til lovbrigde ☐

Eg er usamd i framlegget til lovbrigde ☐

Namn _____

Adresse _____

_____

DEN XIX. INTERNASJONALE NAMNEGRANSKARKONGRESSEN

Den XIX. internasjonale namnegranskarkongressen skal haldast i Aberdeen, Skottland, 4.—11. august 1996. Det er International Council of Onomastic Sciences (ICOS) som vedtek kvar desse kongressane skal vera — etter tilbod frå ein lokal arrangør. Ansvarleg for Aberdeen-kongressen er professor W.F.H. Nicolaisen. Han er òg formann i styret for ICOS 1993—96. Adressa hans er *Department of English, University of Aberdeen, AB9 2UB, UK-Scotland.* Neste rundskriv kjem i juli og vert sendt automatisk til dei som har meldt seg på. Det tredje og siste rundskrivet med alle detaljane om arrangementet kjem våren 1996. Fram til 1. mai i år hadde det meldt seg på 338 deltakarar, 217 av desse med foredrag. Frå Noreg har det meldt seg på 20 deltakarar og frå Sverige 19.

STYREMØTE I ICOS

Den internasjonale namnegranskarorganisasjonen ICOS (International Council of Onomastic Sciences) hadde styremøte i Brno i Den tsjekkiske republikken 29. april 1995, med professor Rudolf Šrámek som vert. Innmeldingane i ICOS hadde gått litt tregt, og styremedlemmene vart oppmoda om å informera om organisasjonen i sine respektive fagmiljø. Årskontingenten er 700 belgiske franc, eller 155 norske kroner, som m.a. gjev rett til årboka *ONOMA*. Redigeringa av 1995-årgangen er i full gang, men redaksjonsnemnda etterlyste oversynsartiklar frå fleire land. På møtet vart det vedteke at ein innestående kapital på 154 000 kroner frå det tidlegare ICOS skulle setjast inn på ein særskild publikasjonskonto. Elles brukte styret mykje av tida til å diskutera den neste ICOS-kongressen i Aberdeen (sjå ovanfor).

FELLESMØTE FOR SEKRETÆRANE I NAMNEKONSULENTTENESTA

Sekretærane har hatt to fellesmøte i vårsemesteret. Det fyrste vart halde i Tromsø 15. — 16. mars og det andre i Trondheim 3. mai. På møta drøfta sekretærane ymse normeringsspørsmål, og føremålet var å få samordna tilrådingane i tilfelle der det har synt seg at konsulenttenestene har hatt ulik praksis.

Terje Larsen
Oslo

INNHALDSRIK BOK OM 'ÖVRIGA NAMN'

Vil du veta meir om namn på t.d. katter, skip, bilar, lokomotiv, restaurantar og ulike potetslag? Da kan du gjerne skaffe deg boka *Övriga namn* som nyss har kommi ut i Uppsala. Det kan kanskje høras merkelig ut at ei bok kan ha ein slik tittel, men dette kan best forklaras med at det har vori vanskelig å finna ein dekkande term for dei nokså ueinsarta namnedisiplinane som har kommi litt i skuggen av dei to områda som tradisjonelt har vori dei viktigaste innafor namnegranskinga: stadnamn og personnamn. Dermed har ein vorti ståande med sekkeomgrepet *øvrige namn* (på norsk oftast 'andre namn') om namnetypar som verken er stadnamn eller personnamn.

Boka er utgitt på NORNA-förlaget i Uppsala som nr. 56 i serien *NORNA-rapporter*. Ho inneheld 22 foredrag frå eit symposium som NORNA (Den nordiske samarbeidskomiteen for namnegransking) arrangerte i Göteborg 4.–6. desember 1991. Det var med heile 44 deltakarar på symposiet, dei fleste frå Sverige. Noreg stilte med 5, og 4 av dei hadde foredrag.

Boka er inndelt i fem bolkar: Namneteori, husdyrnamn, lokomotiv- og bilnamn, båtnamn og til slutt *Namn på företag o.d.* Denne siste bolken er i seg sjølv ein «sekkebolk» fordi det her også inngår vekstnamn – nærmare bestemt namn på potetslag. Utgivarane har tydeligvis funni det unødvendig å ha ein eigen bolk *Växtnamn* med berre éin artikkel, dvs. om potetnamn.

Boka har stimulerande og perspektivrike artiklar om namneteori, bl.a. av Thorsten Andersson, Bent Jørgensen og Bengt Pamp. Her er det særlig grunn til å merke seg det norske bidraget ved Bjarne Rogan, som ut frå ein etnologs perspektiv skriv om *Navn eller nummer? Motiver for navngivning av ting*. Frå sin synsvinkel får han fram viktige sider ved namngivinga som til nå har vori lite påakta blant «tradisjonelle» namnegranskarar.

I bolken om husdyrnamn er det Noreg som har flest bidrag. Kristoffer Kruken skriv om moderne norske kunamn med ei skisse av utviklinga i indre Sør-Trøndelag på 1900-talet. Det har vorti hevda at det ikkje lenger er så vanlig at kyrne har namn, ettersom berre nummer – ikkje namn – er obligatorisk i kukontrollen. Kruken kan tilbakevise slike påstandar ved å dokumentere at 90 prosent av kyrne som er med i kontrollen, har namn. Frå Sør-Trøndelag kan han bl.a. påvise at det på 1900-talet har gått tilbake med dei karakteriserande namna, mens det har auka på med personnamn, t.d. *Rita* og *Maradona*. Det siste gir for mange av oss assosiasjonar til fotballspelaren Maradona og kunne såleis høve like godt på ein okse. Men lydstrukturen (ending på *-a*) peiker i retning av hokjønn, og dermed er det forståelig at namnet blir brukt på ei ku. For dei som vil ha meir inngåande

kunnskapar om kunamn, viser eg til boka *Gullhorn og dei andre*, som Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken gav ut same året som symposiet vart arrangert.

Gudlaug Nedrelid tek for seg geitenamn i Jostedal. Ho kan bl.a. registrere den same utviklinga som Kruken har gjort for kunamna: Det er i dag vanligare enn før å gi geitene kvinnenamn. Nedrelid har fyrstehands kjennskap til geitestell i og med at ho sjølv har vaksi opp med geiter. Dermed har ho også det beste utgangspunktet for å forstå bakgrunnen for at geitene — i motsetning til f.eks. sauene — har namn. Det er nok rett, som ho seier, at geitene er store personligheiter. Dette er nok ein av grunnane til at det fell så lett å gi geitene namn.

Under bolken om husdyrnamn er det elles artiklar om kattenamn (Danmark), hundenamn (Finland) og saueflokkar (Færøyane). Når det gjeld dette siste, er det viktig å merke seg at det er flokken, ikkje den einskilde sauen, som får namn på Færøyane.

I den neste bolken fins det to artiklar om namn på lokomotiv og ein om bilnamn (alle bidragsytarane frå Sverige). Artiklane om båtnamn viser stort spenn i tid — frå *Ormen lange* til moderne tankskip. Også Bjarne Rogan kjem inn på båtnamn, gjerne slike med ein humoristisk snert, t.d. *Costa Nock*, men ettersom artikkelen hans også har viktige namneteoretiske resonnement, er den plassert i den fyrste bolken, dvs. under namneteori.

I den siste bolken skriv Botolv Helleland om namn på offentlige og private institusjonar. Han tek bl.a. for seg tilhøvet mellom kortformer og fullstendige former, t.d. *UD — Utanriksdepartementet*. Han finn at det er ein klar tendens til å bruke kortformer i meir uformelle samanhengar. Elles analyserer han leddstrukturen i desse namna, som til dels kan vera nokså kompleks, t.d. *Den utvida utanriks- og konstitusjonskomiteen*. Ut frå analysen sin kan han skilje mellom ni ulike typar leddstruktur.

Boka inneheld fyldige referat frå diskusjonane i tilknyting til foredraga. Her kjem det bl.a. fram at fleire av deltakarane rår til at det blir arrangert eit nytt NORNA-symposium om dette emnet. Det er særlig dei namneteoretiske aspekta som desse deltakarane finn det nødvendig å drøfte meir inngåande.

Gulbrand Alhaug
Tromsø

STEDSNAVNINNSAMLING I KVINESDAL

Stedsnavninnsamlingen i Kvinesdal er nå i hovedsak ferdig. Til sammen er det registrert over 18 000 stedsnavn fra kommunen, de aller fleste med opplysninger om stedsforhold og beliggenhet. Det er gjort lydbåndopptak av de fleste navna.

Det var i 1986 at et kommunalt prosjekt ble starta opp med det formål å få til en fullstendig opptegnelse av alle stedsnavn i kommunen både i innmark og utmark. Dette ble etter hvert et ganske omfattende prosjekt, og det er først våren 1995 at en kan si at det er tilendebrakt. Alle navn er nå plassert på kartblad fra Økonomisk kartverk med tilhørende navnelister og som sagt nesten ferdig inntalt på lydbånd. Arbeidet er i hovedsak utført av undertegnede med kommunal støtte og med faglig veiledning fra Avdeling for namnegransking ved Universitetet i Oslo. Også Martin Skjekkeland har bidradd med gode råd. Materialet fins i kopi både i kommunen og ved Avdeling for namnegransking. Fagfolkene der vil også hjelpe til med å skrive ut lydskrift og gi råd om innskriving på data.

Det ble tidlig klart for meg at navna kan fortelle mye om det gamle livet på landsbygda i hverdag og fest. En får mange opplysninger om utnytting av naturen, om arbeidsteknikker, om dyre- og planteliv og om overtro.

Dersom vi ser på utmarksnavna først, vil vi se at *Nonsfjellet* er et navn som forekommer nokså ofte, i Kvinesdal kanskje nærmere et halvt hundre ganger. Det første leddet i disse navna er *non*, av latin *nona hora* 'niende time', dvs. kl. 3 om ettermiddagen. Disse fjelltoppene har da fortalt folk hvor langt på dagen en var kommet, enten ut fra sola sin posisjon over fjellet eller ved at fjellet kastet en spesiell skygge på dette tidspunktet.

I Kvinesdal har praktisk talt all utmark i mange hundre år vært utlagt til bumark. Kua hadde sine bestemte vaner på beitet. På varme dager kunne ofte insektene bli plagsomme. Kyrne samlet seg da ofte på spesielle steder hvor det var et mer luftig vinddrag. Disse stedene går ofte igjen i stedsnavn under navn som *Høga støa, Farlig støa*. Et annet sted hvor kyrne samlet seg, ble kalt *Lega*. Hit kom de helst om kvelden, og der kunne det også være lagelig å foreta kveldsstellet.

Det vanligste ordet i utmarksnavn i kommunen er *steggan, stedjan* o.l. former. Antallet slike navn i det innsamlede materialet må gå opp mot 500. Navn av denne typen forekommer utelukkende i nærheten av våtmarksområder eller der hvor det er myrlende. Som regel er det knyttet til myrosen eller ei myrhelling. Et annet særmerke er at det gjerne vokser dvergbjørk på disse stedene. Det kan videre nevnes at *Tor* og *Frøy* fins i flere utmarksnavn, f.eks. *Frøysvann, Frøysnes, Torshammaren*. Her har vi kanskje spor etter førkristne kultforhold.

Av innmarksnavn nevner jeg at *Skeia* forekommer i en del sammensetninger. Her i Kvinesdal er det tydelig at det bare forekommer på eldre gårder, sentralt plassert i forhold til bebyggelsen på gården. Steder med navn som inneholder dette ordet, har alltid en lengdeutstrekning, bl.a. kan det være knyttet til en vei.

Den siste gruppe stedsnavn jeg har tenkt å ta med i denne korte presentasjonen, er de med *lopt* og *badstu* i forskjellige sammensetninger. Det andre leddet er da svært ofte *åker* eller *ekre*. I denne kommunen må det i gamle dager ha vært et ganske stort antall badstuer, sannsynligvis en på hver gård. Navn med *lopt* er ikke fullt så vanlige, men finnes også i et ganske stort antall.

Arentz Håland
Kvinesdal

KVA HEITER KARTBLADET?

Det daglige arbeidet med Stadnamnprosjektet i Nordland er i høg grad avhengig av at vedkommande kommune har Økonomisk kartverk: At dette har store «hol» i somme tilfelle, og at det dertil er vanlig praksis å sløyfe utteikning av fjellområde over 250—275 m, er ei sak for seg.

Når eg går igjennom ØK-bladbunken frå ein kommune der eg i utgangspunktet er godt kjend eller iallfall er blitt det gjennom arbeidet, kan det ergre at kartbladnamnet i ein del tilfelle er utan geografisk orienteringsverdi, ja at grei lokal namnebruk faktisk blir forkludra: Velkjend for vesterålingar er den store namnegarden Hennes i Hadsel, frå gammalt delt i GN 2 Ner-Hennes og GN 3 Øver-Hennes. Det aktuelle kartbladet EC 245-1 er dominert av den todelte lokaliteten — det store neset — som er det eigentlige Hennes og burde nettopp derfor ha blitt heitande just HENNES. Men nei, «HENNES ØVRE» vart namnet, endå bladet også omfattar den geografisk mest sentrale delen av «Hennes nedre». Bladet nordafor, som naturlig kunne ha heitt t.d. SÆTRAN, er derimot blitt namna «HENNES NEDRE». Rett ut sagt ei elendig namneplanlegging.

No er nokså like namn eller i uheldigaste fall reine namnedublettar innafor ein og same kommune ikkje alltid til å unngå, som når Steigen kommune t.d. har to gardar med namn MYKLEBOSTAD: Her er kartkoden god å ha! — Men andre gonger har ein lagt altfor liten omtanke i å unngå samanfallande kartbladnamn: Andøy storkommune har to fjell som heiter STOKKEN, men Stokken i Dverberg er langt mindre kjend enn Bjerkedalen på same ØK-blad, som òg er utmerkingsledd i namn på sentrale landemerke som Bjerkedalsbøan og Bjerkedalsleia for fiskeværet Nordmela. ØK-bla-

det burde her fått just namnet BJERKEDALEN, i grei motsetning til kartblad STOKKEN i Bjørnskinn sokn.

Verst er etter mi meining at eit kartblad kan bli namngitt etter ein lokalitet som høyrer heime på eit heilt anna kartblad:

Jakopvika i Eidsfjorden i Sortland kommune finst såleis ikkje på kartblad DY 249-2 JACOBVIK (sic!), men nokså langt unna: på kartblad Y 249-3 MELFJORD (uttalerett: Melfjorden). Så den som usett og i forståelig tiltru tingar førstnemnde ØK-blad for å få vite noko om Jakopvika, vil få seg ei overrasking. Slikt som dette er likevel unnatak.

I andre tilfelle er ikkje kartbladnamnet så grovt misvisande som her, men meir geografisk tilslørande: Grenda Haugnes nær Andenes i Andøy k. vart lagd øyde ved den militære utbygginga under den kalde krigen, men ØK-bladet heiter stadig og med full rett EJ 263-4 HAUGNES. ØK-blad EJ 263-3 vestafor skulle vi tilsvarande tru måtte heite enten HAUGNES-ELVA (elva dominerer sentrum av kartbladet) eller HAUGNESMYRAN (kartbladet dokumenterer rikelig dei fysiske minne om tradisjonell torving). Men nei då — i nordvestre hjørne av kartbladet ligg «Littje-Steinsvatnet» og «Stor-Steinsvatnet» (hyperkorrekt for Steinsvatnet), og dermed er kartbladet blitt døpt STORSTEINVATNET — utan genitivs-*s*. Ettersom det finst fleire Steinsvatn berre i Andøy kommune, og dette kanskje er det aller minste, er du glup dersom du greier å orientere deg ved hjelp av eit slikt kartbladnamn, især når eit anna kartblad frå same kommune òg heiter STEINSVATNET — og berre der er det tale om eit relativt stort vatn!

Nær Hovden i Bø k. ligg det ut mot havet ein fjellformasjon Tussen som har sett støkk i vegfarande pga. rasfare: Det er ikkje svært lenge sia ein bilførar fekk ein stein dundrande ned på panseret. Tussen er altså namnkunnig utan å ha noko godt rykte; nuten var òg farlig for dei som i si tid sprengte ut veghylle i berget. Kva heiter så kartbladet? Jau, DW 251-1 LANGRYGGEN. Det kan hende at alle frå Hovden og Nyke — Nykvåg knekker denne namnekoden, eg har mine tvil; bøfjerdingar flest gjer i alle fall ikkje det.

På ØK for Narvik k. finst GN 56 Kongsbakk og GN 59 Lengenes på same kartblad, EQ 240-2, og utfall av det alternative namnevalet vart her LENGENES. Men Kongsbakk gir seg i det minste til kjennes på naboblad EQ 241-4, som det sikkert var meininga å kalle KONGSBAKKLEMMAN, etter ein fjellformasjon på staden: Men så fall det utafor ein urliten snipp (som med fordel kunne ha vore lagt inn i kanten av same blad), og slik oppstod EQ 241-4 KONGSBAKKLEMMAN I og EQ 241-3 KONGSBAKKLEMMAN II! Lange og tunge naudløysingar: Den sentrale lokaliteten på sistnemnde kartblad heiter Moldforvika, og det burde også kartbladet

heite. Men namnet på lokaliteten kom ikkje med under første namning, og etter det har «bordet fanga».

Kartverket brukar, så langt eg har sett, å utstyre den første blyantkopien med eit orienterande namn i tillegg til sjølve koden, og dette er trulig ikkje meint som noka endelig namneform. Men namnekomiteane rettar nok sjeldan slike kartbladnamn, og då tar dei til å leve sitt eige liv. Lat gå at t.d. GN 8 Auvåg i Bø har fått «dom» for ei uttalerett skriveform, men i kor mange år framover blir transparenten heitande DX 248-1 UVÅG, like fullt?

Det hender òg i første omgang at delar av kartbladet blir reinteikna og får namn etter ein lokalitet som der og då synest å vere sentral. Men så blir bladet fullteikna, og då ser ein (ikkje minst jamført med naboblada) at den geografiske samanhengen tilseier eit anna, meir altomfattande namn. Eller òg kan det vere at ein velkjend fjellformasjon e.l. først kjem til synes i fullt omfang når kartbladet er fullført.

Ved den første namninga går Statens kartverk ut frå, har eg forstått, at dei lokale namnekomiteane tenker også på kva som er det beste namnet på sjølve kartbladet. Men i mange tilfelle blir nok dette illusorisk. Formannen i ei slik nemnd har nok med hovudsaka: å få ei representativ og høvelig stor namnemengd med på kvart einskilt kartblad, innafor den tidsfrist som er sett. Han eller ho kjenner seg vanligvis ikkje kalla til å overprøve det namnet som sjølve kartbladet har fått, ja tenker vel knapt over framtidige brukarkonsekvensar i så måte. Namn i kanten av kartbladet blir oppfatta meir som ein teknisk detalj, og respekten for «det som skrevet står» er for utbreidd blant folk til at Statens kartverk bør tolke manglande murring eller protest som ei godkjenning. Eg har sjølv vore med i ein slik namnekomite, og eg veit eg undra meg over at enkelte kartblad hadde fått namn etter nokså ukjende lokalitetar, men eg slo meg til tols med tanken: «Det refererer vel til eitt eller anna oppmålingspunkt som er viktig for dei.»

Lat det også vere sagt, som ei avrunding: Kvart kartblad har ein kode med kombinasjon av bokstavar og tal, og denne er eintydig og praktisk for den som skal leite fram transparentar og kopiere, og som har det systemrette oversiktskartet hengande på veggen. Men vi kan ikkje dermed tenke at «pytt, *namnet* på kartbladet kan då ikkje vere så viktig»: Sjølvsagt er det det, for vanlige kartbrukarar, som naturligvis nemner kva området heiter når dei skal kjøpe eller rekvirere kart og slett ikkje går rundt og minnest kodar. Frå eit brukarsynspunkt vil det då trulig også vere allmenn semje om at kartbladnamnet er minst like så viktig som kartbladkoden. Men kva så med dei skisserte namneproblema?

Finn Myrvang
Bø i Vesterålen

DIPLOM FOR GODT NAVNEVETT

Norsk språkråd delte den 15. februar ut diplom for godt navnevett til 18 forretninger og firmaer i Østfold. Vinnerne fikk diplom fordi de har valgt gode norske navn istedenfor engelske på bedriftene sine. Fra Språknytt nr. 1, 1995 (s. 20) bringer vi følgende oversikt over diplomvinnere:

Frisører

Papiljotten, Fredrikstad
Hei Sveis, Halden
Fønhuset frisørsenter, Askim
Krølle Salong, Sarpsborg

Forretninger

Minsten, Fredrikstad
Drivhuset, Halden
Kringla, Tistedal
Bokormen, Eidsberg
Fingernem, Moss

Reklame, produksjon og data

Røde Rappen Produksjon, Fredrikstad
Rådhuset Reklamebyrå, Moss
Brikken, Moss

Systue

Nåløyet, Moss

Kafeer og restauranter

Kafé Kaffekoppen, Sarpsborg
Major-Stuen, Fredrikstad
Perrongen, Eidsberg

Bygningsartikler

Snekkerboden, Fredrikstad

Gatekjøkken

Appetitt'n, Sarpsborg

KUPP OG CUP

Gulbrand Alhaug skriver godt og interessant om «Personnamn og jus» i Nytt om namn nr. 20, men er uheldig med eksempelbruken i argumentasjonen for skrivemåten av *Marry*. Opphavet til eksempelordet *kupp* er ikke det engelske *cup*, men det franske *coup* (slag), f.eks. som i *coup d'état* (statskupp), som engelsk forøvrig har overtatt uforandra. Det engelske *cup* eksisterer også som lånord i norsk, i betydningen idrettsturnering, med uforandra skrivemåte.

I moderne tid er fransk eldre som «leverandørspråk» av lånord til norsk enn hva engelsk er. Dette er grunnen til at *coup* er blitt til *kupp*, mens *cup* (ennå) ikke er fornorska. Og dermed er *kupp* < *coup* stadig et godt argument for å gi innarbeida personnavn en norsk skrivemåte.

Ivar Lund
Oslo

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Som nemnt i *Nytt om namn* nr. 19 (1994) vil vedtaka i klagenemnda for stadnamnsaker bli offentleggjorde her i bladet. Nedanfor følgjer oversyn over dei sakene som er ferdigbehandla i perioden 5.2.94 – 27.1.95.

NR	Påklaga namneform Kommune Fylke Namneobjekt Vedtaksorgan	Klagar og klagars ønske	Vedtak i nemnda
1	Seterneset Agdenes Sør-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	grunneigar: Sæternes	Seterneset
2	Skuggetunnelen Ålesund Møre og Romsdal tunnelnamn Statens vegvesen	kommunen: Skuggen tunnel	Skuggetunnelen
3	Nebbetunnelen Rauma Møre og Romsdal tunnelnamn Statens vegvesen	kommunen: Nebbatunnelen	Nebbetunnelen
4	Fjøretunnelen Norddal Møre og Romsdal tunnelnamn Statens vegvesen	kommunen: Fjøråtunnelen	Fjøretunnelen

5	Høyelt Birkenes Aust-Agder bruksnamn Statens kartverk	grunneigar og oppsitjarar: Høygilt	Høygilt
6	Ognøya Bokn Rogaland naturnamn Statens kartverk	kommunen: Ognøy	Ognøya
7	Kvernamoen Gjesdal Rogaland naturnamn Statens kartverk	kommunen: Kvednamoen	Kvernamoen
8	Flugeim Sogndal Sogn og Fjordane bruksnamn Statens kartverk	éin grunneigar: Flugheim	Flugheim
9	Kvernaelva Gjemnes Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Kvernelva Bjerkely grendautval: Kvennelva	Kvernelva
10	Dyngja Sokndal Rogaland naturnamn Statens kartverk	kommunen: Dyngjo	Dyngja
11	Belse Frogn Akershus bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Belsjø	Belsjø

12	Klunderud Frogn Akershus bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Klynderud	Klunderud
13	Østenga Ås Akershus bruksnamn Statens kartverk	grunneigar: Østengen	Østenga
14	Gålå Sør-Fron Oppland grendenamn og poststadnamn Sør-Fron kommune for grendenamnet Postverket for postkontornamnet	fleire bedrifter: Golå	Gålå både som grendenamn og postkontornamn
15	Harøysundet/ Harøysund Fræna Møre og Romsdal bruksnamn og grendenamn Statens kartverk for bruksnamnet Fræna kommune for grendenamnet	kommunen: Harøysund Statens kartverk Møre og Romsdal: Harøysundet	Harøysundet både som bruksnamn og grendenamn
16	Rødbergvegen Selbu Sør-Trøndelag vegnamn Selbu kommune	Selbu og Tydal historielag: Raudbergvegen	Rødbergvegen

17	Uglmoene Selbu Sør-Trøndelag vegnamn Selbu kommune	Selbu og Tydal historielag: Uglmoan	Uglmoene
18	Pålskjer Gjesdal Rogaland naturnamn Statens kartverk	kommunen: Pålskjær	Pålskjær
19	Grøde Gjesdal Rogaland naturnamn Statens kartverk	kommunen: Grøden	Grøde
20	Nørdre Gisla Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Nørdre Gilta	Nørdre Gisla
21	Syndre Gisla Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Syndre Gilta	Syndre Gisla
22	Lermelgisla Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Lermelgilta	Lermelgisla
23	Gislbua Holtålen Sør-Trøndelag namn på bu Statens kartverk	kommunen: Giltbua	Gislbua

24	Oppstad Hamar Hedmark bruksnamn Statens kartverk	grunneigar: Opstad	Oppstad

I tillegg til desse sakene har nemnda behandla ferdig klager på gatenamn i Bergen kommune, og klager på bruken av fleirtalsendingar i naturnamn og skrivemåten av namneleddet *skjær/skjer* i Sandøy kommune.

Gatenamn i Bergen

Namneutvalet i Bergen kommune gjorde i 1993 vedtak om skrivemåten av gatenamna innanfor det området som ein kan kalle Bergen sentrum. Det kom inn klager på skrivemåten av i alt 128 einskildnamn. Av praktiske grunnar har eg samla klagene i grupper. Ved somme av namna vart det klaga på fleire forhold. Dette er grunnen til at summen av tala i kolonnen «påklaga namneform» blir høgare enn 128.

Påklaga namneform	**Klagar og klagars ønske**	**Vedtak i nemnda**
Søndre i laust samansette gatenamn (9 namn)	Bondeungdomslaget Ervingen og Hordaland Mållag: Søre	Søndre, eks.: Søndre Lønborg
bro (1 namn)	Bondeungdomslaget Ervingen og Hordaland Mållag: bru	bro: Sandbrogaten
bod (1 namn)	Bondeungdomslaget Ervingen og Hordaland Mållag: bu	bod: Tollbodallmenningen
torg (7 namn)	Bergens Riksmålsforening: torv	torg, eks.: Skutevikstorget

bruk av ubestemt form av primærnamnet når sisteleddet i namnet er gate, vei, allmenning, smug/smau, kai (33 namn)	Bondeungdomslaget Ervingen og Hordaland Mållag: bestemt form ved alle namneledd	bestemt form, eks.: Vestre Torggaten, Nedre Blekeveien, Vestre Holbergsallmenningen, Nordre Kleivesmauet, Vestre Strømkaien
ubestemt form i namn på allmenningar og andre plassar og torg (15 namn)	Bondeungdomslaget Ervingen og Hordaland Mållag: bestemt form	bestemt form, eks.: Sydnesplassen, Vågsallmenningen. Unntak: Christinegård
smug (69 namn)	Bondeungdomslaget Ervingen og Hordaland Mållag: smau	smau, eks.: Knøsesmauet, Markesmauet
særskriving og ubestemt form i einskildnamn (5 namn)	Bondeungdomslaget Ervingen og Hordaland Mållag: samanskriving og bestemt form	samanskriving og bestemt form, eks.: Rosenkrantzgaten
Molløesmuget	Skiven Vel: Moldesmuget	Molløesmauet
Årstadgeilen	Fløen Vel: Årstadgjeilen	Årstadgeilen
Ekrebakken Ekregaten	Sandviksguttenes Forening: Ekrenbakken Ekrengaten	Ekrebakken Ekregaten

Nedre Fjellsmug Øvre Fjellsmug Fjellgaten Fjellien Fjellveien	Fjeldets Vel og Foreningen Fjeldgutten: Nedre Fjeldsmug Øvre Fjeldsmug Fjeldgaten Fjeldlien Fjeldveien	Nedre Fjellsmauet Øvre Fjellsmauet Fjellgaten Fjellien Fjellveien

Fleirtalsending i naturnamn i bestemt form hankjønn og hokjønn, Sandøy kommune, Møre og Romsdal

I samband med revisjon av kartblad 1220-4 Ona i serien Norge 1:50 000 vedtok Statens kartverk Møre og Romsdal endingane -an og -in for namn i bestemt form fleirtal hankjønn og hokjønn i Sandøy kommune. Kommunen klaga på vedtaka og ønskte endingane -ane og -ene. Klagen omfatta 39 naturnamn.

Vedtak: -ane og -ene. Eks.: Svenkeskallane, Oddefluene.

Skrivemåten *skjær* i naturnamn i Sandøy kommune, Møre og Romsdal

I samband med revisjon av kartblad 1220-4 Ona i serien Norge 1:50 000 vedtok Statens kartverk Møre og Romsdal skrivemåten skjær i naturnamn med dette namneleddet i Sandøy kommune. Kommunen klaga på vedtaket og ønskte skrivemåten skjer. Klagen omfatta 45 naturnamn.

Vedtak: skjer. Eks.: Straumskjeret.

Terje Larsen
Sekretær for klagenemnda

DOKTORDISPUTAS I NAMNEGRANSKING

Laurdag 6. mai disputerte amanuensis Tuula Eskeland for dr.art.-graden ved Universitetet i Oslo på avhandlinga *Fra Diggasborrå til Diggasbekken. Finske stedsnavn på de norske finnskogene*. Opponentar var dosent Bengt Pamp (førsteopponent) frå Lund og Ritva Liisa Pitkänen (andreopponent) frå Helsingfors. Eskeland har hatt eit treårig forskingsstipend frå Noregs

forskingsråd. Ho er både den første som har skrive avhandling om namn under den nye dr.art.-graden, og den første som har disputert i namnegransking her i landet sidan Per Hovda vart dr.philos. på avhandlinga *Norske fiskeméd* i 1962. I tillegg til sjølve avhandlinga krev den nye graden – likeins som den gamle dr.philos. – at kandidaten held to prøveforelesingar, ei over sjølvvalt og ei over oppgjeve emne. Som sjølvvalt emne forelas Eskeland om «Skrivemåten av finske stedsnavn på Finnskogene». Det oppgjevne emnet var «Stedsnavn og kulturhistorie». Forelesingane vart haldne fredag 5. mai. *Nytt om namn* gratulerer med ein vel gjennomført grad! Måtte det ikkje gå treogtretti år til neste gong. Avhandlinga blir nærare omtala i neste nummer av bladet.

DOKTORGRADSPROSJEKTER I NAVNEGRANSKING

Dr.art.-prosjekt om personnavn som utmerkingsledd i stedsnavn

Undertegnede har fått et fireårig forskingsstipend fra Universitetet i Bergen fra 1. august 1994 for å arbeide med prosjektet *Personnavn som utmerkingsledd i sammensatte stedsnavn. En analyse og tolking av semantiske forhold mellom utmerkingsledd og hovedledd i sammensetningene.*

Hovedformålet med prosjektet skal være å avdekke semantiske forhold mellom utmerkingsledd og hovedledd i sammensatte norske stedsnavn i de tilfellene der et personnavn utgjør utmerkingsleddet.

Undersøkelsen skal bygge på et materiale hentet fra 3 (evt. 4) områder i landet.

Det teoretiske perspektivet skal først og fremst være rettet mot å avdekke fenomen og tendenser når det gjelder semantiske forhold som eiendom, bruk, hendelse osv mellom personen i utmerkingsledd og hovedledd for den relevante navnetypen. I tillegg kan det være ønskelig å vurdere andre forhold, som geografisk/regional variasjon og variasjon etter persons kjønn, yrke, status osv. Stedsnavnenes morfologiske struktur vil også bli drøftet.

Metoden forutsetter dataregistrering av og programkjøring av et navnemateriale. På grunnlag av resultatet etter programkjøring skal det være mulig å analysere og vurdere materialet i forhold til ønsket informasjon.

Tradisjonelt har aktiviteten innenfor norsk stedsnavnsgransking, i monografier såvel som i hovedoppgaver, vært knyttet til drøfting av såkalte grunnord (oftest lokalitetsbetegnelser), gjerne som usammensatte navn eller som hovedledd i sammensatte navn. Drøfting av utmerkingsleddet fore-

